

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VIII. INNSKRIFTER UTAN SPRÅKLEG MEINING.

a. Lengre innskrifter

[**868**] N-25366. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 43; 1990b: [36]; Knirk 1994b: 202.)

Innskrifta stå på eit firkanta trestykke, 20 x 7 mm i tverrsnitt og 61 mm langt. Det eine hjørnet av gjenstanden er skadd. Funnet vart gjort i 1975, felt FA, hovudfase 7/8. Det vil seia at funnkonteksten kan daterast til ein periode som strekkjer seg frå ca. 1175 til like langt ut på 1200-talet. Det er runer på bae breisidene av gjenstanden. Innskrifta på side a er ca. 50 mm lang og runene 18-20 mm høge. R. 1-8 er fire seriar med oppatt-tekne teikn. Deretter følgjer stav med to parallelle kvistar ned til høgre. Heilt til sist på denne sida står ein stav med rutemønster midt på. Same rutemønsteret går att på side b. Om dette er å oppfatta som ei overskriven rune eller som eit tilfelleleg riss, synest uklårt.

Innskrifta på side b er ca. 45 mm lang og runene også der 18-20 mm høge. R. 2 (**r**) har open boge. Trestykket er f. o.m. r. 5 på denne sida dekkja av skarpe riss i eit rutemønster. Fem stavar kan skiljast ut, men på grunn av dette innrissa rutemønsteret kan dei med unnatak av r. 7 ikkje skiljast ut som anna enn stavar. På r. 7 er der derimot mogleg å skilja ut boge midt på staven, så denne kan identifiserast sikkert som **p**.

ƿ ƿ þ þ R R 1 1 1 1 1 1

a) **k k þ þ r r a a a n n**[?]

ƿ R 1 1 1 ? ? þ ? ?

b) **k r o a l * * þ * ***

Ingenting av dette kan gi språkleg meining. Seriane med oppattekte **k**, **þ** og **a** på side a kan gi innrykk av å vera ei lita skriveøving. I så fall vil restane av teikna også kunna vera resultat av ein uøvd ristars læringsforsøk. Vi vil likevel ikkje kunna anna enn gissa om det.